

St.prp. nr. 24

(2005–2006)

Om endringar av løyvingar på statsbudsjettet for 2005 m.m. under Olje- og energidepartementet

*Tilråding frå Olje- og energidepartementet av 25. november 2005,
godkjend i statsråd same dagen.
(Regjeringa Stoltenberg II)*

1 Innleiing

I denne proposisjonen kjem Olje- og energidepartementet med framlegg til endringar på statsbudsjettet for 2005 i samsvar med kapittel 2. Departementet gjer òg greie for bruk av fullmakter under Staten sitt direkte økonomiske engasjement i petroleumsverksemda (SDØE) i kapittel 3.

2 Endringar på statsbudsjettet for 2005

Kap. 1800 Olje- og energidepartementet (jf. kap. 4800)

Post 21 Spesielle driftsutgifter, kan overførast

I samband med bygginga av gassrørleidninga frå Åsgard til Kårstø, blei det i perioden 1996–2001 gjort ein del tilleggsinvesteringar på Kårstøanlegga. Fordelinga av kostnader mellom SDØE og Statoil er framleis ikkje endeleg klårlagt. Statoil gav i 1999 ei fråsegn til staten som sikrar staten lik handsaming som fire av dei andre rettshavarane på Kårstø.

Det vil vere avgjerande for oppfølginga av Statoil si fråsegn, at staten sikrar seg eit uavhengig grunnlag for å vurdere kva slags verdiar som kan vere overført til andre rettshavarar i samband med fråsegna, og som staten eventuelt har tilsvarande krav

på. Utgiftene er knytt til ekstern finansiell og juridisk ekspertise og er rekna til 10 mill. kroner fordelt på 2005 og 2006.

Som følgje av ovannemnte blir det foreslått å auke løyvinga med 2,5 mill. kroner. Nytt forslag til løyving blir etter dette 57,855 mill. kroner. Vidare blir det gjort framlegg om å auka fullmakta til å pådra forpliktingar ut over løyving med 7,5 mill. kroner, frå 2,5 til 10 mill. kroner, jf. Forslag til vedtak II.

Post 22 Beredskapslagre for drivstoff, kan overførast

Som følgje av skjerping av spesifikasjonane i forhold til EUs Auto Oil-program har det vore naudsynt å oppgradere bensinlagra. Dette medfører auka utgifter i 2005 på om lag 1,6 mill. kroner.

Vidare har Noreg i tråd med plan for krisehandtering utarbeide av Det internasjonale energibyrå, gjennomført sal av om lag 40 000 Sm³ petroleumsprodukt frå våre oljeberedskapslagra i 2005. Salet medfører utgifter knytt til mellom anna salshonorar, inspeksjonskostnader og handsamingsgodtgjering for utlasting av lagra, samt kompenseringsoppgjjer mellom OED og lagrande selskap (pga. avvik mellom dei kvalitetar som no fysisk lastast ut og dei som er lagde inn). Samla utgjør dette om lag 1 mill. kroner.

Det er venta at salet vil gi inntekter i 2005 på om lag 120 mill. kroner, jf. forslag til endring under kap. 4800, post 02 Ymse inntekter.

Som følgje av ovannemnte blir det foreslått å auke løyvinga på posten med 2,6 mill. kroner, frå 21,5 til 24,1 mill. kroner.

Kap. 1810 Oljedirektoratet (jf. kap. 4810)

Post 21 Spesielle driftsutgifter, kan overførast

Det blir foreslått å auke løyvinga knytt til OD si oppdrags- og samarbeidsverksemd med 16,5 mill. kroner i høve til gjeldande løyving for 2005. Endringa har samanheng med høgare aktivitetsnivå enn tidlegare budsjettert. Utgiftsauken blir motsvara av ein tilsvarende inntektsauke under kap. 4810, post 02 Oppdrags- og samarbeidsverksemd. Nytt forslag til løyving blir etter dette 94,33 mill. kroner.

Kap. 1820 Noregs vassdrags- og energidirektorat (jf. kap. 4820 og 4829)

Post 01 Driftsutgifter

Etablering av ei energimerkeordning for bygg og sekretariatsfunksjon knytt til innføring av bygningsdirektivet er løyvd under post 01, jf. St.prp. nr. 65 og Innst. S. nr. 240 (2004-2005). Departementet foreslår å flytte denne løyvinga til kap. 1825 Omlegging av energibruk og energiproduksjon, post 21 Spesielle driftsutgifter. Denne posten dekkjer aktivitetar innan fornybar energi og OED ser det som meir naturleg at midlane blir løyvd over denne posten. OED foreslår difor å redusere løyvinga på kap. 1820, post 01 med 10 mill. kroner i høve til gjeldande løyving for 2005. Nytt forslag til løyving på post 01 blir etter dette 250,49 mill. kroner.

Kap. 1825 Omlegging av energibruk og energiproduksjon

Post 21 Spesielle driftsutgifter, kan overførast

Posten dekkjer aktivitetar innan fornybar energi og deltaking i ulike internasjonale program. Ved Stortinget sitt vedtak av 17. juni 2005 vart det løyvd 10 mill. kroner under kap. 1820, post 01 til etablering av ei energimerkeordning for bygg og sekretariatsfunksjon knytt til innføring av bygningsdirektivet, jf. St.prp. nr. 65 og Innst. S. nr. 240 (2004-2005). Innføring av energimerkeordninga har som mål å betre energibruken i bygningar og synleggjøre energieffektiviseringar i bygningssektoren. Løyvinga knytt til arbeidet med implementering av ordninga blir difor foreslått flytta frå kap. 1820, post 01 Driftsutgifter til kap. 1825, post 21 Spesielle driftsutgifter som eit eige tiltak. Nytt forslag til løyving på posten blir etter dette 22 mill. kroner.

Gjennomføringa av direktivet vil gi energimyndighetene nye og krevjande oppgåver. Det er sen-

tralt at planlegginga av implementeringa kan skje under optimale tilhøve. Ein vil difor bruke noe meir tid på gjennomføringa av dei naudsynte førebuingane enn tidlegare lagt til grunn.

Det vert framleis lagt opp til at utgifter til etablering av ordninga og sekretariatet utover NVE sine forvaltningskostnader vil bli dekt av framtidige gebyrinntekter, jf. St.prp. nr. 65 (2004-2005).

Kap. 2440/5440 Staten sitt direkte økonomiske engasjement i petroleumsverksemda

Forslag til nye løyvingar er basert på ein oppdatert prognose for 2005 frå Petoro AS. Petoro tek hand om SDØE for staten. Prognosen frå Petoro er basert på rekneskapsføring per 31. august 2005 og overslag for resten av året. Det heftar mellom anna stor uvisse knytt til utviklinga i oljeprisen.

Det er lagt til grunn ein gjennomsnittleg oljepris på kr 345 per fat for 2005. I revidert budsjett 2005 blei det lagt til grunn ein gjennomsnittleg oljepris på kr 300 per fat.

Det blir foreslått ei løyving på 0,7 mill. kroner under kap. 2440, ny post 25 Pro et contra-oppgjer. Løyvinga har samanheng med korrigeringar i pro et contra-oppgjeret knytt til salet av 6,5 pst. SDØE-eigardelar i 2002.

Overslaget for kap. 2440, post 30 Investeringar er redusert med 2 300 mill. kroner, frå 24 600 til 22 300 mill. kroner. Reduksjonen skuldast hovudsakleg følgjande forhold:

- Eigardelen til SDØE i Kristin vart mindre etter omkalkuleringa enn tidlegare lagt til grunn. Endeleg eigardel for SDØE er fastsett til 19,577 pst. Dette er 0,323 pst. lågare enn anslaga i revidert budsjett la til grunn.
- Utsetjing av utbyggingsaktivitetar og oppstart for produksjonsboring for Ormen Lange.
- Innlevering av plan for utbygging og drift for Camilla/Belinda er utsett til 2006.
- Utsetjing i boreprogrammet for Troll Olje.

Kostnadsendringane på Snøhvit fører til at SDØE sin del av investeringane i prosjektet aukar med om lag 120 mill. kroner i 2005.

Det blir foreslått ei løyving på 233,1 mill. kroner under kap. 5440, post 01 Pro et contra-oppgjer, ein auke på 1,1 mill. kroner. Endringa skuldast korrigeringar i pro et contra-oppgjeret knytt til salet av 6,5 pst. SDØE-eigardelar i 2002.

Overslaget for kap. 5440, underpost 24.1 Driftsinntekter er auka med 11 500 mill. kroner, frå 139 200 til 150 700 mill. kroner. Endringa skuldast hovudsakleg at forventta oljepris for 2005 er høgare enn det som vart lagt til grunn i revidert budsjett. I

tillegg er salet av gass større enn tidlegare budsjettet.

Frå og med 2005 vil SDØE sin del av lokasjonsbytter knytt til kjøp/sal av tredjeparts gass bli nettoført.

Overslaget for kap. 5440, underpost 24.2 Driftsutgifter er auka med 2 200 mill. kroner, frå 19 600 til 21 800 mill. kroner. Dette skuldast i hovudsak større kostnader knytt til meir sal av gass.

Overslaget for kap. 5440, underpost 24.4 og post 30 Avskrivningar er redusert med 1 300 mill. kroner, frå 14 400 til 13 100 mill. kroner. Dette skuldast i hovudsak endring i produksjonen, frå felt med høg avskrivingsrate til felt med låg avskrivingsrate, og at investeringane er mindre enn tidlegare budsjettet.

vingsrate, og at investeringane er mindre enn tidlegare budsjettet.

Overslaget for kap. 5440, underpost 24.5 og post 80 Renter av staten sin kapital er redusert med 800 mill. kroner, frå 7 500 til 6 700 mill. kroner. Endringa skuldast hovudsakleg at rentefoten for rekning av renter på staten sin kapital er redusert.

Endringane nemnd ovanfor fører til at kap. 5440, post 24 Driftsresultat aukar med 11 400 mill. kroner, frå 96 600 til 108 000 mill. kroner.

Overslaget for kap. 5440, post 50 Overføring frå Staten sitt petroleumsforsikringsfond er budsjettet til 900 mill. kroner.

Tabell 2.1 Endringar på statsbudsjettet 2005 under kap. 2440/5440 Staten sitt direkte økonomiske engasjement i petroleumsverksemda (i mill. kroner)

Kap.	Post/ Under- post	Nemning	Gjeldande løyving ¹	Forslag til ny løyving	Endring
2440	25 (ny)	Pro et contra-oppgjer		0,7	0,7
	30	Investeringar.....	24 600,0	22 300,0	-2 300,0
	50	Overføringar til Staten sitt petroleumsforsikringsfond	731,0	731,0	0,0
Sum kap. 2440			25 331,0	23 031,7	-2 299,3
5440	01	Pro et contra-oppgjer	232,0	233,1	1,1
	24.1	Driftsinntekter	139 200,0	150 700,0	11 500,0
	24.2	Driftsutgifter	-19 600,0	-21 800,0	-2 200,0
	24.3	Leite- og feltutviklingsutgifter.....	-1 100,0	-1 100,0	
	24.4	Avskrivningar.....	-14 400,0	-13 100,0	1 300,0
	24.5	Renter av staten sin kapital	-7 500,0	-6 700,0	800,0
	24	Driftsresultat.....	96 600,0	108 000,0	11 400,0
	30	Avskrivningar.....	14 400,0	13 100,0	-1 300,0
	50 (ny)	Overføring frå Staten sitt petroleumsforsikringsfond		900,0	900,0
	80	Renter av staten sin kapital	7 500,0	6 700,0	-800,0
Sum kap. 5440			118 732,0	128 933,1	10 201,1
Kontantstraum frå SDØE:					
		Innbetalingar ²	139 432,0	151 833,1	12 401,1
		Utbetalingar ³	46 031,0	45 931,7	-99,3
Nettokontantstraum frå SDØE			93 401,0	105 901,4	12 500,4

¹ Gjeldande løyving for 2005 er basert på Stortinget sitt løyvingsvedtak av 9. desember 2004 og seinare endringar i 2005 (revidert budsjett), jf. St.prp. nr. 65 og Innst. S. nr. 240 (2004-2005).

² Innbetalningar = driftsinntekter + pro et contra-oppgjer ifm. sal av SDØE-eigardelar + overføring frå Staten sitt petroleumsforsikringsfond

³ Utbetalningar = driftsutgifter + leite- og feltutviklingskostnader + fjerningsutgifter + investeringar + overføring til Staten sitt petroleumsforsikringsfond + pro et contra-oppgjer ifm. sal av SDØE-eigardelar.

Desse endringane medfører samla sett at netto kontantstraumen frå SDØE blir auka med 12 500,4 mill. kroner i høve til gjeldande løyving, frå 93 401 til 105 901,4 mill. kroner.

Kap. 2442 Disponering av innretningar på kontinentalsokkelen

Post 70 Tilskot, overslagsløyving

Tilskot etter fjerningstilskotlova dekkjer staten sin del av utgifter knytt til fjerning. Fjerningstilskotet blir utbetalt av Olje- og energidepartementet etter krav frå selskapa. Det gjenstår framleis fjerningstilskotssaker frå tida før fjerningstilskotlova ble heva. Det blir foreslått ei løyving på 28 mill. kroner for 2005. Det heftar stor uvisse til tidspunkt for utbetaling av fjerningstilskot.

Kap. 4800 Olje- og energidepartementet (jf. kap. 1800)

Post 02 Ymse inntekter

I september i år sette Det internasjonale energi-byrå i verk ein plan for krisehandtering som skulle gjere om lag 60 mill. fat olje tilgjengeleg for marknaden. Noreg slutta seg til planen, og vårt bidrag vart skaffa ved å leggje ut for sal om lag 40 000 Sm³ petroleumsprodukt frå staten sine beredskapslager.

Salet vil venteleg gi ei inntekt på om lag 120 mill. kroner i 2005. Endeleg salssum er avhengig av utviklinga på produktprisane og dollarkursen.

Kap. 4810 Oljedirektoratet (jf. kap. 1810)

Post 02 Oppdrags- og samarbeidsverksemd

Det blir foreslått å auke løyvinga med 16,5 mill. kroner i høve til gjeldande løyving for 2005, jf. omtale og tilsvarande auke under kap. 1810, post 21. Nytt forslag til løyving blir etter dette 49,4 mill. kroner.

Kap. 4811 Statoil ASA

Post 90 Sal av aksjer

Olje- og energidepartementet gjennomførte i februar 2005 eit sal av totalt 117,65 mill. aksjer i Statoil ASA. Det blei gjennomført eit sal av 100 mill. aksjar til investeringsbanken Merrill Lynch og eit sal av 17,65 mill. aksjar til privatpersonar i Noreg og EØS-området. Prisen per aksje til privatpersonar var på kroner 106,10. Dei totale inntektene frå aksjesalet utgjer kroner 12 478 314 200.

I St.prp. nr. 65 (2004-2005) er inntektene frå salet estimert til 12 477,8 mill. kroner. Skilnaden mellom dette estimatet og faktiske inntekter er

hovudsakeleg at ein del privatpersonar som tinga aksjar likevel ikkje kjøpte desse. Av denne grunn blei det selt 78 000 aksjer i marknaden til ein høgare pris (kroner 112,50 per aksje) enn den som blei lagt til grunn i St.prp. nr. 65 (2004-2005). Det blir difor foreslått å auke posten med 0,5 mill. kroner. Nytt forslag blir etter dette 12 478,3 mill. kroner.

Aksjesalet er nærare omtalt i St.prp. nr. 65 (2004-2005).

Kap. 4860 Statsforetak under Olje- og energidepartementet

Post 70 Garantiprovisjon, Statnett SF

Løyvinga blir foreslått redusert med 0,6 mill. kroner, frå 10,1 til 9,5 mill. kroner. Endringa har samanheng med at Statnett sin lånemasse med statsgaranti er blitt redusert.

3 Bruk av fullmakter under SDØE

I samband med den årlege handsaminga av statsbudsjettet gjev Stortinget fullmakter til Kongen i statsråd og Olje- og energidepartementet, jf. St.prp. nr. 1 og Budsjett-innst. S. nr. 9 (2004-2005).

Nedanfor gjer Olje- og energidepartementet greie for bruken av desse fullmaktene.

3.1 Fullmakt VIII – St.prp. nr. 1 og Budsjett-innst. S. nr. 9 (2004-2005)

Fullmakta om forenkla handsaming frå styresmaktene si side vart nytta ved åtte høve i 2005:

Blane

Olje- og energidepartementet fekk 18. mai 2005 søknad om godkjenning av plan for utbygging og drift av Blane. Feltet ligg på grenselina mellom britisk og norsk sektor og inneheld olje. Utbygginga omfattar undervassutbygging med oppkopling mot Ulafeltet. Produksjon frå Blane er venta å ta til i slutten av 2006. Rettshavarane i Blane er Paladin Expro Limited (operatør), MOC Exploration (UK) Limited, ENI UK Limited, Roc Oil (GB) Limited, Bow Valley Petroleum (UK) Limited, ENI ULX Limited, Paladin Resources Norge AS og Talisman Energy Norge AS. SDØE har ikkje eigardelar i Blane.

Dei totale investeringane er i plan for utbygging og drift for Blane rekna til 1,7 mrd. 2005-kroner.

Plan for utbygging og drift for Blane vart vedteken ved kongeleg resolusjon 1. juli 2005.

Enoch

Departementet fekk 18. mai 2005 plan for utbygging og drift av Enoch. Enoch ligg delvis på norsk og britisk kontinentalsokkel, og er planlagt som ei undervassutbygging knytt opp til det britiske feltet Brae. Produksjonen er planlagt å ta til i slutten av 2006. Rettshavarane i Enoch er Paladin Expro Limited (operatør), Dyas UK Limited, Roc Oil (GB) Limited, Bow Valley Petroleum (UK) Limited, Dana Petroleum (E&P) Limited, Petro-Canada UK Limited, Lundin North Sea Limited, Statoil ASA, Total E&P Norge AS, Det norske oljeselskap AS og DONG Norge AS. SDØE har ikkje eigardelar i Enoch.

Dei totale investeringane er i plan for utbygging og drift rekna til 811 mill. 2005-kroner.

Plan for utbygging og drift for Enoch vart vedteken ved kongeleg resolusjon 1. juli 2005.

Fram Øst

Departementet fekk 23. februar 2005 søknad om godkjenning av plan for utbygging og drift av Fram Øst. Utbygginga omfattar undervassutbygging med oppkopling til Troll C for prosessering og transport. Produksjon frå Fram Øst er venta å starte i oktober 2006. Rettshavarane i Fram Øst er Norsk Hydro Produksjon a.s (operatør), Mobil Development Norway AS, Statoil ASA, Gaz de France Norge AS og Idemitsu Petroleum Norge a.s. SDØE har ikkje eigardelar i Fram Øst.

Dei totale investeringane er i plan for utbygging og drift rekna til 3,8 mrd. 2004-kroner.

Plan for utbygging og drift av Fram Øst vart vedteken ved kongeleg resolusjon 22. april 2005.

Njord gasseksport

Departementet fekk 15. november 2004 søknad om godkjenning av plan for utbygging og drift og plan for anlegg og drift av Njord gasseksport. Njord gasseksport omfattar modifikasjonar på Njord A, nytt utstyr på havbotnen samt ein rørledning til gassrørledningssystemet frå Åsgard til Kårstø, Åsgard Transport.

Rettshavarane i Njord er Norsk Hydro Produksjon a.s. (operatør), Mobil Development Norway AS, Gaz de France Norge AS, E.ON Ruhrgas Norge AS, Paladin Resources Norge AS, Petoro AS og OER Oil AS. Petoro AS er forvaltar av SDØE-porteføljen og rettshavar på vegne av staten. Eigardelen til SDØE er 7,5 pst.

Planen for oppstart av gasseksport er 1. oktober 2007. Årleg gasseksport vil bli om lag 2 mrd. Sm³, tilsvarande 6 mill. Sm³ per dag. Totale investeringar for utbygginga er estimert til 1,1 mrd. 2004-kroner.

Plan for utbygging og drift og plan for anlegg og drift av Njord gasseksport vart vedteken ved kongeleg resolusjon 21. januar 2005

Oseberg Delta

Departementet fekk 1. juli 2005 søknad om godkjenning av plan for utbygging og drift av Oseberg Delta. Oseberg feltsenter vil bli nytta til prosessering og eksport av ressursane. Produksjon frå Oseberg Delta er venta å starte 1. oktober 2007. Rettshavarane i Oseberg er Norsk Hydro Produksjon a.s (operatør), Petoro AS, Statoil ASA, Total E&P Norge AS, ExxonMobil Production Norway Inc. og Norske ConocoPhillips AS. Petoro AS er forvaltar av SDØE-porteføljen og rettshavar på vegne av staten. Eigardelen til SDØE er 33,6 pst.

Dei totale investeringane er i plan for utbygging og drift rekna til 1,8 mrd. 2005-kroner.

Plan for utbygging og drift av Oseberg Delta vart vedteken ved kongeleg resolusjon 23. september 2005.

Skinfaks og Rimfaks IOR

Departementet fekk 8. desember 2004 søknad om godkjenning av plan for utbygging og drift av Skinfaks og endra plan for utbygging og drift av Rimfaks. Utbygginga omfattar undervassutbygging av olje- og gassressursar i Skinfaks og Rimfaks. Rimfaks er i produksjon og prosjektet Rimfaks IOR er eit tiltak for å auke utvinninga frå feltet. Gullfaks C plattformen vil nyttast til prosessering og vidare transport av ressursane. Produksjon frå Rimfaks IOR er venta å ta til i desember 2006 og frå Skinfaks i april 2007. Rettshavarane i Skinfaks og Rimfaks er Statoil ASA (operatør), Petoro AS og Norsk Hydro Produksjon a.s. Petoro AS er forvaltar av SDØE-porteføljen og rettshavar på vegne av staten. Eigardelen til SDØE er 30 pst.

Dei totale investeringane er i plan for utbygging og drift for Skinfaks og endra plan for utbygging og drift av Rimfaks rekna til 3,4 mrd. 2004-kroner.

Plan for utbygging og drift av Skinfaks og endra plan for utbygging og drift av Rimfaks IOR vart vedteken ved kongeleg resolusjon 11. februar 2005.

Vilje

Olje- og energidepartementet fekk 23. desember 2004 søknad om godkjenning av plan for utbygging og drift av Vilje. Vilje er planlagt som ei undervass-utbygging kopla opp mot produksjonsskipet på Alvheimfeltet. Produksjonen er planlagt å ta til i 2007. Rettshavarane i Vilje er Norsk Hydro Produksjon a.s (operatør), Marathon Petroleum Norge AS og Total E&P Norge AS. SDØE har ikkje eigardelar i Vilje.

Dei totale investeringane er i plan for utbygging og drift rekna til 2,1 mrd. 2004-kroner.

Plan for utbygging og drift for Vilje vart vedteken ved kongeleg resolusjon 18. mars 2005.

Volve

Departementet fekk 23. desember 2004 søknad om godkjenning av plan for utbygging og drift av Volve. Volve er planlagt utbygd med ei oppjekkbar plattform med bore- og prosessfasilitetar, knytt opp mot eit permanent flytande lagerskip. Produksjonen er planlagt å ta til i 2007. Rettshavarane i Volve er Statoil ASA (operatør), ExxonMobil Exploration and Production Norge AS, Total E&P Norge AS og Norsk Hydro Produksjon a.s. SDØE har ikkje eigardelar i Volve.

Dei totale investeringane er i plan for utbygging og drift rekna til i underkant av 2 mrd. 2005-kroner.

Plan for utbygging og drift for Volve vart vedteken ved kronprinsregenten sin resolusjon 22. april 2005.

3.2 FULLMAKT XI – St.prp. nr 1 og Budsjettinnst. S. nr 9 (2004-2005)

Fullmakta knytt til overdraging og samordning av eigardelar i utvinningsløyve vart nytta ved eitt høve i 2005.

I samband med utbygginga av Oseberg Delta inngjekk rettshavarane i utvinningsløyva 079 (Oseberg) og 190 (Tune) ei avtale om forenkla samordning for den del av førekomsten (Delta Extension) i utvinningsløyve 079 som strekkjer seg inn i utvin-

ningsløyve 190. Avtala seier at rettshavarane i utvinningsløyve 079 skal ha rett til å produsere den delen av førekomsten som ligg i utvinningsløyve 190 mot ei forskotsvis betaling av ein eingongssum på 9 mill. kroner (100 pst.). SDØE har ein eigardel på 33,6 pst. i utvinningsløyve 079 og ein eigardel på 40,0 pst. i utvinningsløyve 190. På grunn av den høgare eigardelen i utvinningsløyve 190, vil staten netto få kroner 576 000 for Delta Extension. Staten får 3,6 mill. kroner i utvinningsløyve 190 og betaler 3,024 mill. kroner i utvinningsløyve 079.

Samordningsavtala inneheld òg ein klausul om at rettshavarane i utvinningsløyve 190, i fall aktiviteten her de facto tek slutt, skal søkje å tilbakelevere alle delar av løyvet med unntak av den delen som omfattar Delta Extension. For det tilfellet at Olje- og energidepartementet eller Oljedirektoratet skulle motsetje seg dette, inneheld avtala ein passus om at rettshavarane i utvinningsløyve 190 vil ta dei naudsynte steg for å overdra eigardelane i løyvet til rettshavarane i utvinningsløyve 079, alternativt gjennomføre ei geografisk deling av området for løyvet, og deretter overdra den delen som inneheld Delta Extension til rettshavarane i utvinningsløyve 079.

Olje- og energidepartementet godkjende 23. september 2005 at eigardelen til SDØE inngår i ei slik forenkla samordning av Delta Extension i utvinningsløyva 079 og 190. I samsvar med fullmakt XI punkt 2 godkjende departementet samtidig vilkåret om subsidiær overdraging av SDØE sin eigardel i utvinningsløyve 190, som ledd i ei overdraging av 100 pst. av eigardelane i dette løyvet til rettshavarane i utvinningsløyve 079.

Olje- og energidepartementet

tilrår:

At Dykkar Majestet godkjenner og skriv under eit framlagt forslag til proposisjon til Stortinget om endringar av løyvingar på statsbudsjettet for 2005 m.m. under Olje- og energidepartementet.

Vi HARALD, Noregs Konge,

stadfester:

Stortinget blir bedt om å gjere vedtak om endringar av løyvingar på statsbudsjettet for 2005 m.m. under Olje- og energidepartementet i samsvar med eit vedlagt forslag.

Forslag

til vedtak om endringer av løyvingar på statsbudsjettet 2005 m.m. under Olje- og energidepartementet.

I

I statsbudsjettet for 2005 blir det gjort følgjande endringar:

Utgifter:

Kap.	Post	Formål	Kroner
1800		Olje- og energidepartementet (jf. kap. 4800)	
	21	Spesielle driftsutgifter, <i>kan overførast</i> , blir auka med frå kr 55 355 000 til 57 855 000	2 500 000
	22	Beredskapslagre for drivstoff, <i>kan overførast</i> , blir auka med..... frå kr 21 500 000 til 24 100 000	2 600 000
1810		Oljedirektoratet (jf. kap. 4810)	
	21	Spesielle driftsutgifter, kan overførast, blir auka med frå kr 77 830 000 til kr 94 330 000	16 500 000
1820		Noregs vassdrags- og energidirektorat (jf. kap. 4820 og 4829)	
	01	Driftsutgifter, blir redusert med frå kr 260 490 000 til kr 250 490 000	10 000 000
1825		Omlegging av energibruk og energiproduksjon	
	21	Spesielle driftsutgifter, <i>kan overførast</i> , blir auka med frå kr 12 000 000 til kr 22 000 000	10 000 000
2440		Staten sitt direkte økonomiske engasjement i petroleumsverksemda (jf. kap. 5440)	
	25(ny)	Pro et contra-oppgjer, blir løyvd med.....	700 000
	30	Investeringar, blir redusert med frå kr 24 600 000 000 til kr 22 300 000 000	2 300 000 000
2442		Disponering av innretningar på kontinentalsokkelen	
	70(ny)	Tilskot, <i>overslagsløyving</i> , blir løyvd med.....	28 000 000

Inntekter:

Kap.	Post	Formål	Kroner
4800		Olje- og energidepartementet (jf. kap. 1800)	
	02	Ymse inntekter, blir løyvd med	120 000 000
4810		Oljedirektoratet (jf. kap. 1810)	
	02	Oppdrags- og samarbeidsverksemd, blir auka med frå kr 32 900 000 til kr 49 400 000	16 500 000
4811		Statoil ASA	
	90	Sal av aksjer, blir auka med frå kr 12 477 800 000 til kr 12 478 300 000	500 000

Kap.	Post	Formål	Kroner
4860		Statsforetak under Olje- og energidepartementet	
	70	Garantiprovisjon, Statnett SF, blir redusert med frå kr 10 100 000 til kr 9 500 000	600 000
5440		Staten sitt direkte økonomiske engasjement i petroleumsverksemda (jf. kap. 2440)	
	01	Pro et contra-oppgjer, blir auka med frå kr 232 000 000 til kr 233 100 000	1 100 000
	24	Driftsresultat, blir auka med frå kr 96 600 000 000 til kr 108 000 000 000	11 400 000 000
		Spesifikasjon:	
		Driftsinntekter 150 700 000 000	
		Driftsutgifter -21 800 000 000	
		Leite- og feltutviklingsutgifter -1 100 000 000	
		Avskrivningar -13 100 000 000	
		Renter av staten sin kapital <u>-6 700 000 000</u>	
		<u>108 000 000 000</u>	
	30	Avskrivningar, blir redusert med frå kr 14 400 000 000 til kr 13 100 000 000	1 300 000 000
	50(ny)	Overføring frå Staten sitt petroleumsforsikringsfond, blir løyvd med	900 000 000
	80	Renter av staten sin kapital, blir redusert med frå kr 7 500 000 000 til kr 6 700 000 000	800 000 000

II

Fullmakt til å binde seg utover gitt løyving

Stortinget samtykker i at Olje- og energidepartementet i 2005 kan binde seg utover gitt løyving innanfor følgjande sum:

Kap.	Post	Nemning	Samla ramme
1800		Olje- og energidepartementet	
	21	Spesielle driftsutgifter, kan overførast	10,0 mill. kroner